

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/236-1

Forvaltningsrevisjon - Tannhelsetilbudet til prioriterte grupper - bestilling**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tannhelsetilbudet til prioriterte grupper» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
2. Vedteken bestilling vert sendt Deloitte AS

Vedlegg:

- Utkast til bestilling av forvaltningsrevisjon «Tannhelsetilbudet til prioriterte grupper»
- Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 16.10.2012 plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 i FT-sak 49/12. Revidert plan vart vedteken av fylkestinget 11. juni 2014 i FT-sak 4/14. «Tannhelsetilbudet til prioriterte grupper» er 7. prosjekt i planen. Kontrollsjefen ser ingen grunn for at prosjekt som er lenger ned på prioriteringslista skal prioriterast før dette prosjektet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet får i saka framlagt eit utkast til bestilling av prosjektet.

Prosjektet vil ved vedtak om bestilling i KU-møtet 26. januar kunne ferdigstillast innan utgangen av august 2016, slik at politisk handsaming kan gjennomførast i løpet av hausten 2016. Det er i bestillinga lagt opp til å be om prosjektplan innan 15. februar, som utvalet kan handsame i møte 3. mars.

Kontrollsjefen har i arbeidet med bestillinga hatt dialog med tannhelsetenesta ved konstituert fylkesdirektør Clara Øberg og fylkestannlege Elisabeth Skrede. I tillegg har kontrollsjefen også hatt kontakt med revisor for å få innspel i arbeidet med bestillingsdokumentet.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen legg i saka fram utkast til bestilling av forvaltningsrevisjon «Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper». Kontrollutvalet vert bedt om å vurdere formål og problemstillingar og vedta ei bestilling av prosjektet. Bestillinga vert sendt til revisor i etterkant av møtet med leveringsfrist 1. september 2016.